

SAK 45-07 KARRIERESENTER I HALLINGDAL

Saksopplysning

Buskerud fylkeskommune ber i brev til kommunane i Hallingdal, dat. 16.7.2008 (vedlegg 1), om eventuell ny handsaming av Karrieresenter for Hallingdal. I samband med handsaminga av sak om karrieresenter i Hallingdal, sette Regionrådet for Hallingdal (vedlegg 2) og i neste omgang alle kommunane krav om at NAV engasjerte seg i kompetansesenteret f.o.m.

1.1.2009. NAV skulle vera ein likeverdig part på linje med Buskerud fylkeskommune og kommunane i Hallingdal, også i forhold finansiering av karrieresenteret. Og det vart lagt til grunn at det var utarbeida avtale med NAV før etablering av karrieresenteret.

Det har til no ikkje lykkast å få til ei avtale med NAV, noko som gjer at kommunane i Hallingdal ikkje er partnerar i karrieresenteret. Buskerud fylkeskommune har eit ynskje om at kommunane i Hallingdal deltek i karrieresenteret uavhengig av kva slags samarbeid det måtte bli med NAV.

Buskerud fylkeskommune har vedtek oppretting av karrieresenter i Hallingdal frå 1.8.2008, med lokalisering Hallingdal Næringshage. Det er lagt til grunn leiar i 50% stilling og ein karriererettleiar i 100 % stilling. Karrieresenteret skal evaluerast pr. 31.7.2010.

Fylkeskommunen finansierar drift av senteret for 2008, men har lagt til grunn at fleire aktørar spleisar på utvikling og drift av senteret etter ein modell der fylkeskommunen dekkjer 50% av kostnadane, kommunane 40% og andre aktørar 10%. For kommunane i Hallingdal vil dette for 2009 utgjera ca. kr. 650.000.

I brevet frå fylkeskommunen blir det sagt at deler av næringslivet i Hallingdal har signalisert stor interesse for senteret og NAV har signalisert at dei kjem attende med ei eventuell finansiering når dei har evaluert si deltaking i karrieresenteret i Drammen.

Buskerud fylkeskommune ber om attendemelding innan 1.11.2008.

Vurdering

Det springande punktet i denne saka er fyrst og fremst deltakinga frå NAV. Det har heile tida vore eit krav frå Hallingdal at NAV måtte delta, og for at ikkje det skulle setjast i gang eit prosjekt der "bordet fangar", var det ein føresetnad at avtale med NAV var på plass, før etablering.

Også prosjektgruppa som vurderte karrieresenter for Hallingdal vurderte NAV si deltaking som viktig. NAV si deltaking er m.a. vurdert ut i frå kva som er målsettinga og arbeidsområda for eit karrieresenter.

Utgangspunktet for eit karrieresenter i Hallingdal var at det m.a. skulle vera eit supplement for rådgjevingstenesta i grunnopplæringa. God karriererettleiing i eit livslangt perspektiv skal motvirke sosiale forskjellar i val av utdanning og yrke, og hindre fråfall både i utdanning og i arbeidslivet. For skuleåret 2005/2006 var det 60 elever ved dei vidaregåande skulane i Hallingdal med mangelfull eller ingen dokumentasjon frå sin skolegang. Med ein elevmasse på ca.750 er dette eit stort fråfall.

Ut frå dette bør arbeid for å hindre fråfall vera ei hovudoppgåve for karrieresenteret.

Eit anna satsingsområde bør vera karriererettleiing som virkemiddel inn mot arbeidslivet.

I tillegg skulle det vera eit tilbod til alle innbyggjarar som har behov for rettleiing og informasjon om utdanningsvegar, yrker og jobbmogelegheiter.

Det er eit sentralt ynskje om å styrkje yrkes- og utdanningsrettleiinga i Noreg. Telemark, Akershus og Nordland fylke har i denne samanheng vore forsøksfylke som no er evaluert, og der NAV er samarbeidspart i alle ordningane. Hovudkonklusjonen Kunnskapsdepartementet har trekt så langt, er at partnerskapsmodellen har synt seg å vera eit godt virkemiddel for koordinering og profesjonalisering av eksisterande rettleiingstenester, og for utvikling av nye – m.a gjennom karrieresenter.

På denne bakgrunnen har det i 2007 vore gjennomført ei tverrdepartemental utgreiing av korleis partnerskap for karrierettleiing best kan implementerast over heile landet. Grappa har gått gjennom mange sider ved partnerskapsmodellen – styring, roller, ansvar, finansiering – og er kome fram til tre forslag til framtidig organisering, og ei felles tilråding om ein av dei. Grappa sin rapport har så vore på intern departementshøyring, og er til politisk handsaming i KD. Ut frå det eg har skjønt er det eit ynskje å satse vidare på partnerskapsmodellen. KD meiner at karrierettleiing bør baserast på regionalt samarbeid med handlingsrom for aktørane til å finne gode løysingar som passer med dei demografiske, geografiske og næringsmessige føresetnadane i den enkelte region. Samstundes må det sikrast god samordning av dei regionale partnerskapa, slik at de kan trekke på kvarandre sine erfaringar og kompetanse. Det er ein føresetnad at tenestetilbodet til brukarane blir likeverdig, om ikkje nødvendigvis likt, over heile landet.

Ut frå det arbeidet som pågår i departementet kan det stillast spørsmål ved kor sterkt kommunane skal involvere seg før sentrale styresmakter har bestemt seg for framtidige løysingar. På den andre sida er det grunn til å tru at også framtidige løysingar vil vera basert på partnerskapsavtaler der kommunane vil måtte vera ein aktør. (Eg ventar på svar frå departementet.)

Karrierettleiing er ei teneste me kan ha bruk for i alle aldrar. NAV gjer her ein viktig jobb i å rettleie vaksne arbeidssøkarar, og har et særleg ansvar for dei langtidsledige og personar utanfor arbeidsstyrken. I tillegg er kvalifisering og utdanning ein veg attende til arbeidsliv for mange. Det betyr at god rettleiing for NAV sine målgrupper også inkluderar eit utdanningsperspektiv. For å sikre denne koblinga mellom arbeid og utdanning er det innlysande at det må vera eit samarbeid mellom NAV og ulike delar av utdanningssystemet. For at eit karrieresenter skal lykkast vil det etter mitt syn vera heilt avgjerande at NAV blir ein vesentleg del av karrieresenteret, samstundes som det er eit sterkt engasjement frå næringslivet.

Forslag til vedtak

Regionrådet for Hallingdal vil rå kommunane til å gjera slikt vedtak:

1. Ut frå tidlegare vedtak har xx kommune sagt ja til å delta i eit karrieresenter for Hallingdal, med ein prosjektperiode på 3 år.
2. Med bakgrunn i brev frå Buskerud fylkeskommune, dat. 16.7.2008, vil xx kommune kunne delta og vera partner i karrieresenter i Hallingdal, i fyrste omgang for perioden 2009 – 2010, med følgjande føresetnadar:
 - a. NAV skal vera ein likeverdig part på linje med Buskerud fylkeskommune og kommunane i Hallingdal, også i forhold finansiering av karrieresenteret.

- b. Kommunane i Hallingdal vil vera med på slik finansiering:
Dekning av utgifter med inntil 1/3 av kostnadane, med ei øvre ramme på kr. 600.000. Her er det lagt til grunn ei fordeling av kostnader med 30% i forhold til deltakande kommunar og 70 % i forhold til folketal.
- c. Kommunane si økonomiske deltaking vil kunne bli vurdert ut frå sentrale føringar som blir gjevne.
- d. Prioriterte arbeidsoppgåver må m.a. vera arbeid for redusere fråfall i vidaregåande opplæring og betra samarbeid mellom utdanningssystem og arbeidsliv.
- e. Det er ein føresetnad Buskerud fylkeskomme står som prosjekteigar.
- f. Regionrådet for Hallingdal vil ta initiativ overfor næringslivet ved HallingExpo, for å få dei aktivt med i karrieresenteret.
- g. Det blir lagt til grunn at det blir etablert eit prosjektstyre for karrieresenteret med representantar frå Buskerud fylkeskommune, kommunane i Hallingdal, NAV Buskerud og eventuelt næringslivet i Hallingdal.

Ål 21.8.2008

Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar

Vedlegg:

1. Brev frå Buskerud fylkeskommune, dat. 16.7.2008
2. Utskrift av møtebok Regionrådet for Hallingdal, sak 34/07.
3. Brev frå Buskerud fylkeskommune, dat. 8.11.2007
4. Brev frå Regionrådet i Hallingdal, dat. 5.12.2007
5. Brev frå Regionrådet i Hallingdal, dat. 6.2.2008



Buskerud
fylkeskommune
Utdanningsavdelingen

1 av 3

Vår saksbehandler
Liv Marit Weum, tlf 32808622

Vår dato
16.07.2008

Vår referanse
2008/401 - 3
500

Deres dato

Deres referanse

Hol kommune, Ålmannsvei 8, 3576 Hol
Ål kommune, Torget 1, 3570 Ål
Gol kommune, Gamleveien 4, 3550 Gol
Hemsedal kommune, 3560 Hemsedal
Nes kommune, Rukkedalsveien 46, 3540 Nesbyen
Flå kommune, 3539 Flå

| | |
|--|--------------------|
| HOL KOMMUNE SENTRALADMINISTRASJONEN | |
| År saksnr. 07/2008 | Dok nr. 17 |
| U 5 AUG. 2008 | |
| Ark. kode P 026 | |
| Lopenr. 11921 | Fysisk art. FSK |
| Seksjon SAM | Saksbeh. LJK |
| Kassasjonsår | Gradering |

Karrieresenter i Hallingdal – samarbeid

Fylkesutdanningssjefen viser til arbeidet med utvikling av karrieresentre i Buskerud og til vedtak om oppretting av karrieresenteret i Hallingdal.

Hovedutvalget for utdanning gjorde 24.04.2008, sak 09/08 følgende vedtak:

Buskerud fylkeskommune oppretter karrieresenter for Hallingdal med følgende føringer

- Senteret lokaliseres i DBC Næringshage på Gol med oppstart 01.08.08
- Fylkeskommunens prosjektleder fortsetter som leder i 50% stilling. Utover dette bemannes senteret med karriereveileder i 100% stilling
- Opus Hallingdal skal bistå karrieresenteret for å ivareta de voksnes behov for veiledning og realkompetansevurdering
- Senteret koordinerer et nettverk mellom karriereveilederne i videregående skole og rådgivningstjenesten i grunnskolen med senteret som knutepunkt
- Dialogen med kommunene vil fortsette for å få på plass en avtale i henhold til den fremlagte planen
- Dialogen med NAV fortsetter for å finne fram til et hensiktsmessig samarbeid
- Senterets berettigelse vil bli vurdert pr 31.07.10.

I henhold til hovedutvalgets vedtak og den utredning som ligger til grunn for opprettelse av senteret – vil arbeidet ved karrieresenteret starte opp 1. august 2008.

Senteret vil i første omgang ta tak i de oppgaver som påhviler fylkeskommunen og vil starte med en bemanning på 1,5 årsverk – for en prosjektperiode for 2 år.

I tillegg vil fylkeskommunen etablere en 20% stilling som bl.a. skal koordinere faget utdanningsvalg i Hallingdal.

Utredninger og hovedutvalgets vedtak viser at det er ønskelig at kommunene og NAV er partnere i dette arbeidet.

POST ADRESSERES TIL AVDELINGEN - IKKE TIL ENKELTPERSONER

Postadresse
BUSKERUD FYLKESKOMMUNE
Fylkeshuset
N-3020 Drammen

Besøksadresse
E-postadresse
Postmottak@bfk.no

Telefon
32 80 85 00
Internett
www.bfk.no

Telefaks

Bankkonto
2200.07.13523
Foretaksregisteret
NO 964 951 373

Vår dato
16.07.2008Vår referanse
2008/401 - 3

I et oppfølgingsmøte 19.05.08 mellom ordfører Oddvar Grøthe / leder for regionrådet i Hallingdal og fylkesutdanningsjefen ble vedtakets punkter om samarbeid drøftet.

Det ble enighet om at fylkeskommunen sender likelydende brev til alle Hallingdalskommunene, slik at saken kan tas opp på nytt i den enkelte kommune.

Utdanningsavdelingen har finansiert driften av senteret høsten 2008, men legger til grunn et samarbeid fra 2009 hvor flere aktører "spleiser" på utvikling og drift av senteret etter en modell 50%, 40% og 10%, hvor fylkeskommunen dekker 50% , kommunene 40% og andre aktører 10%.

Budsjett for år 2009 vil om lag ligge på 1,7 millioner kr. For Hallingdalskommunene vil dette utgjøre ca kr 650.000,-.

Fylkeskommunen ønsker kommunene som partnere i dette arbeidet. Det er viktig for fylkesutdanningsjefen å understreke at senteret vil være åpent for alle.

Ved siden av aktiviteter rettet mot elevene i Hallingdal – vil senteret være nyttig for voksne i forhold til den enkeltes muligheter og karriereveiledning i forhold til det.

Deler av næringslivet i Hallingdal har signalisert stor interesse for senteret – både i forhold til nye medarbeidere og utvikling av egne ansatte.

Når det gjelder NAV har de meddelt at de kommer tilbake med en eventuell finansiering når de har evaluert sin medvirkning i karrieresenteret i Drammen.


På generelt nivå arbeider fylkeskommunen og NAV for å utarbeide en partnerskapsavtale – hvor samarbeid om karrieresenter er en del av avtalen.

Fylkesutdanningsjefen håper kommunene / regionrådet finner å kunne inngå i et partnerskap om drift av et felles karrieresenter i Hallingdal fra 01.01.2009.

For behandling i fylkeskommunen ber vi om en tilbakemelding innen 1. november 2008.

Kontaktperson hos fylkesutdanningsjefen i denne saken er seksjonsleder Knut Erik Hovde.

Med hilsen



Tom Erik Martinsen e f
fylkesutdanningsjef

Kopi: NAV Buskerud v/Ola Heen-Strømmen, Postboks 1622 Bedriftssenteret, 3007 Drammen
Hallingdal Karrieresenter v/Ingrid Marie Kolsrud, DBC Næringshage, 3550 Gol



UTSKRIFT AV MØTEBOK REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL

Møtedato: Fredag 22. juni 2007

Tilstade: 5 av 6 medlemmer

SAK 34/07 KARRIERESENTER FOR HALLINGDAL

Vedtak

1. Regionrådet for Hallingdal rår til at karrieresenter for Hallingdal blir etablert frå 1.1.2008, med ein prosjektperiode på 3 år.
2. Prioriterte arbeidsoppgåver må m.a. vera arbeid for redusere fråfall i vidaregåande opplæring og betra samarbeid mellom utdanningssystem og arbeidsliv.
3. Regionrådet føreset at Buskerud fylkeskomme står som prosjekteigar.
4. Regionrådet legg til grunn at NAV engasjerar seg i kompetansesenteret f.o.m. 1.1.2009, som ein likeverdig part på linje med Buskerud fylkeskommune og kommunane i Hallingdal, også i forhold finansiering av karrieresenteret.
5. Regionrådet legg til grunn at det er utarbeida avtale med NAV før etablering av karrieresenteret.
6. Regionrådet for Hallingdal vil ta initiativ overfor næringslivet ved HallingExpo, for å få dei aktivt med i karrieresenteret.
7. Det må fram til etablering av senteret arbeidast aktivt for å få på plass partnerskapsavtaler med relevante aktørar.
8. Regionrådet rår kommunane i Hallingdal til å vera med på slik finansiering:
 - Dekning av utgifter 2008 med 50% av kostnadane, med ei øvre ramme på kr. 790.000.
 - Dekning av utgifter 2009 med inntil 1/3 av kostnadane, med ei øvre ramme på kr. 500.000.
 - Dekning av utgifter 2010 med inntil 1/3 av kostnadane, med ei øvre ramme på kr. 400.000.Kommunane si økonomiske deltaking vil kunne bli vurdert ut frå sentrale føringar som blir gjevne.
9. Det er lagt til grunn ei fordeling av kostnader med 30% i forhold til deltakande kommunar og 70 % i forhold til folketal.
10. Regionrådet legg til grunn at det blir etablert eit prosjektstyre for karrieresenteret med representantar frå Buskerud fylkeskommune, kommunane i Hallingdal, NAV Buskerud og eventuelt næringslivet i Hallingdal.
11. Regionrådet rår til at karrieresenteret bli lokalisert i Hallingdal Næringshage for 2008, men at prosjektstyre vurderar lokalisering frå 1.1.2009, etter at NAV er kome inn som fullverdig part.

Saksopplysning

Bakgrunn

”Yrkes-og utdanningsveiledning” har vore eit samlebegrep knytt til grunnutdanninga, og evet. vaksne med opplæringsrettar.

Karriererettleiing har ein utvida funksjon i forhold til yrkes-og utdanningsretteiing. Den er prosessuell, angår alle aldersgrupper, skal gje rettleiing for både utdanning og/eller yrke/arbeid.

SAK 45/08, VEDLEGG 2

Buskerud fylkeskommune har valt ulike tiltak for å styrke karriererettleiinga i skula. Samstundes har hovudutvalet for utdanning eit ynskje om å prøve ut ulike modellar for ekstern rettleiing.

Hovudutvalet gjorde følgjande vedtak 30.08.06, sak 038/06, pkt.5 :

Fylkesutdanningssjefen gis fullmakt til å prøve ut to modellar for ekstern karriereveiledning:

- *Karrieresentret på Papirbredden som et treårig prosjekt i henhold til tidligere vedtatt forprosjekt.*
- *Karrieresenter på Gol i nært samarbeid med lokalt nærings- og samfunnsliv. Finansiering av karrieresentrene søkes innarbeidet i Handlingsprogrammet 2007-2010 og ved en omfordeling av midler i sektoren.”*

Det vart vidare presisert frå fylkeutdanningssjefen at prosjektplanen skal omfatte følgjande: *”Gruppa skal legge fram et forslag til målsetting for senteret der Karrieresenterets oppgaver blir sett på i et perspektiv skole-næringsliv i Hallingdalsregionen.”*

”Prosjektgruppa blir her bedt om å fokusere spesielt på hvordan et karrieresenter kan være til nytte for dalens arbeidsliv og relasjonene mellom utdanningsaktører og arbeidsliv.”

Med bakgrunn i vedtak i Buskerud fylkeskommune har ei prosjektgruppe utarbeida vedlagt prosjektplant. Prosjektarbeidet har vore organisert slik:

- Prosjekteigar - Buskerud fylkeskommune
- Styringsgruppe – Hovudutvalet for utdanning
- Prosjektgruppe
 - Knut Arne Gurigard - Regionrådet for Hallingdal
 - Liv Juchelka - Representant for kommunene
 - Stig Boholm - Representant for fylkeskommunen
 - Fredrik Svendsen - NHO Buskerud
 - Rune Waaler - Høgskolen i Buskerud
 - Svein Hanshaugen - Næringslivet, industri (leiar)
 - Gunn Eliassen - Hallingdal Reiseliv
 - Ola Frogner - DBC Næringshage AS
 - Representant fra NAV
 - Knut Erik Hovde - Representant frå fylkeskommunen
- Erna Holvik (prosjektleiar Ungt Entreprenørskap) har i tillegg delteke som ressursperson
- Prosjektleiar
 - Ingrid Marie Kolsrud som også har vore sekretær for prosjektgruppa.

Nasjonale føringar

Både nasjonalt og internasjonalt er karriererettleiing satt i fokus. God karriererettleiing i eit *livslangt* perspektiv kan motvirke sosiale forskjellar i val av utdanning og yrke, og forhindre fråfall både i utdanningsløpet og i arbeidslivet.

Satsinga har ei tredelt målsetting:

1. Sikre den demokratiske retten – til fritt å kunne velja – også arbeid og utdanning.
2. Oppfylle politiske målsettingar som livslang læring, låg arbeidsløyse, reduserte feilval og fråfall i utdanning, betre gjennomstrømming i utdanningsløpet, likestilling og inkluderande arbeidsliv.
3. Økonomisk gevinstar - reduserte rekrutterings- og ”turn-over”-kostnadar, auka mogelegheiterfor skreddarsaum av opplæring.

SAK 45/08, VEDLEGG 2

Hausten 2005 løyvde Kunnskapsdepartementet midlar til utprøving av regionale partnerskap for karriererettleiing. Nordland, Telemark og Akershus er forsøksfylke i perioden 2005-2007. Departementet vil evaluere desse forsøka med tanke på ei landsdekkande innføring av karrieresenter.

Ei tverrdepartemental arbeidsgruppe la hausten 2006 fram ein rapport om tiltak for betre gjennomføring i vidaregåande opplæring.

Utgangspunktet er eit betydeleg og vedvarande fråfall i vidaregåande opplæring i Norge. Som eitt av innsatsområda foreslår gruppa å utvikle ein ny struktur for karriererettleiinga. Eit tiltak her er å opprette regionale karrieresenter med rettleiingsansvar for alle utanfor skula og som eit kompetanseressurs overfor skulane.

Utdanningsdirektoratet sendte 8.2.2006 brev til alle fylkeskommunane der dei seier at dei forventar at fylkeskommunane tek ansvar for å styrke karriererettleiinga i eit livslangt perspektiv ved å organisere partnerskap for karriererettleiing i fylka.

Direktoratet skriv m.a.:

- *”Målet for partnerskap for karriereveileding er å utvikle et forpliktende partnerskap for koordinering og samarbeid om karriereveiledning i et livslangt perspektiv i hvert fylke.*
- *Partnerskap for karriereveiledning bør omfatte flest mulig av de aktuelle aktørene i et reelt forpliktende samarbeid og partnerskap.*
- *Det forutsettes at Partnerskapet for karriereveiledning er forankret i fylkeskommunen.*
- *Fylkeskommunen bør kunne bidra med egne midler, samtidig som tiltaket skal bidra til bedre utnyttelse av eksisterende ressurser, nettverk og kompetanse.”*

Utfordringar for Hallingdal

Det er i denne samanheng peikt på nokre utfordringar for Hallingdal:

- Nedgang i folketalet.
- Liten vekst av arbeidsplassar.
- Liten arbeidsløyse – vanskelig å rekruttere arbeidskraft.
- Spesiell næringsstruktur (1/3 av total sysselsetting er reiselivsrelatert) – manglande søkning til relaterte utdanningsvegar innan reiseliv
- Redusere fråfall i vidaregåande opplæring
- Behov for vaksenopplæring spesielt tilrettelagt for regionen sikne behov.
- Hallingdal har ingen høgskole – treng høgskoletilbod tilrettelagt for arbeidslivet i regionen.
- Betre samarbeid mellom utdanningssystem og arbeidsliv er nødvendig

Målsetting for karrieresenter i Hallingdal.

Heilskapleg karriererettleiing.

Utvikle brukarane sin kompetanse til å kunne ta eigne, bevisste karriereval gjennom heile utdannings- og arbeidslivet.

Utvikle og organisere støttetiltak for karriererettleiing og kompetanseheving i regionen.

Utvikle samarbeid mellom arbeidsliv og utdanningssystem

Bidra til reduksjon av fråfall i vidaregåande skule.

Organisasjonsmodell:

Karrieresenteret skal vera eit offentleg gratis tilbod. Prosjektgruppa foreslår at det for fyrste driftsår blir etablert partnerskapsavtale mellom dei offentlege aktørane i senteret - fylkeskommunen og kommunane i Hallingdal.

SAK 45/08, VEDLEGG 2

Prosjektgruppa foreslår at karrieresenteret får ei bemanning på 2 årsverk frå oppstart. Det er gjort ein føresetnad at det i fyrste driftsåret skal arbeidast med å få ei avklaring av NAV sitt engasjement i senteret.

Det blir forventa at det blir inngått partnerskapsavtaler med høgskule, næringslivet i Hallingdal, opplæringskontora, NHO o.a. aktuelle aktørar i prosjektperioden. Fylkeskommunen skal ha arbeidsgjevaransvaret fyrste driftsår.

Prosjektgruppa foreslår at det blir oppretta karrieresenter for Hallingdal frå 1.1.2008 – lokalisert til Hallingdal Næringshage. Prosjektperioden vil vera inntil 3 år.

Budsjett og finansiering

Årlege utgifter for senteret i prosjektperioden vil vera 1,5 – 1,6 mill. kroner pr. år. Totalkostnader 1.driftsår på kr. 1.580.000 er foreslått fordelt 50/50 mellom Buskerud fylkeskommune og kommunane i Hallingdal. Fordelingsnøkkelen for 2009 og 2010 er foreslått sett opp av styret, ut frå sentrale føringar, NAV og næringslivet sin deltaking og andre samarbeidsavtaler.

Vurdering

Eit karrieresenter for Hallingdal vil vera eit regionalt samarbeid om ei samordna, nøytral, heilskapleg karriererettleiing i eit livslangt perspektiv.

Karrieresenteret skal vera eit supplement for rådgjevingstenesta i grunnopplæringa. Karrieresenteret skal i tillegg vera eit tilbod til alle innbyggjarar som har behov for rettleiing og informasjon om utdanningsvegar, yrker og jobbmogelegheiter.

God karriererettleiing i eit livslangt perspektiv skal motvirke sosiale forskjellar i val av utdanning og yrke, og hindre fråfall både i utdanning og i arbeidslivet. For skuleåret 2005/2006 var det 60 elever ved dei vidaregåande skulane i Hallingdal med mangelfull eller ingen dokumentasjon frå sin skolegang. Med ein elevmasse på ca.750 er dette eit stort fråfall.

Ut frå dette bør arbeid for å hindre fråfall vera ei hovudoppgåve for karrieresenteret.

Eit anna satsingsområde bør vera karriererettleiing som virkemiddel inn mot arbeidslivet.

Det er eit sentralt ynskje om å styrkje yrkes- og utdanningsrettleiinga i Noreg. Telemark, Akershus og Nordland fylke har i denne samanheng vore forsøksfylke. Kunnskapsdepartementet skal evaluere dei tre forsøka med regionale partnerskap med tanke på ei landsdekkjande ordning. Det er også sett ned ei tverrdepartemental arbeidsgruppe for å vurdere oppretting av eit nasjonalt koordinerande organ for utdannings- og yrkesrettleiing, rapport skal vera klar 1.10.2007.

Ut frå dette kan det stillast spørsmål ved kor sterkt kommunane skal involvere seg før sentrale styresmakter har bestemt seg for framtidige løysingar. På den andre sida er det grunn til å tru at også framtidige løysingar vil vera basert på partnerskapsavtaler der kommunane vil måtte vera ein aktør.

For at eit karrieresenter skal lykkast vil det etter mitt syn vera heilt avgjerande at NAV blir ein vesentleg del av karrieresenteret, samstundes som det er eit sterkt engasjement frå næringslivet.

SAK 45/08, VEDLEGG 2

Rett utskrift

Ål 3.7.2007

Knut Arne Gurigard

Knut Arne Gurigard

Dagleg leiar

Vedlegg: Prosjektplan; "Karrieresenter i og for Hallingdal".

Sendt: Kommunane i Hallingdal
Buskerud fylkeskommune
NAV - Buskerud



Vår saksbehandler
Erik Kathrud, tlf 32808631


Vår dato
08.11.2007

Vår referanse
07/00714-4
500.

Deres dato

Deres referanse

Hol kommune
Rådmann/ordfører
Viksveien 30
3576 HOL




Karrieresenter i Hallingdal - ny tidsfrist for tilbakemelding til fylkeskommunen


Fylkesutdanningssjefen viser til brev av 24.10.07 til kommunene i Hallingdal angående avklaring av kommunenes engasjement i opprettelsen av karrieresenter i Hallingdal.

Fylkesutdanningssjefen har fått tilbakemeldinger fra flere kommuner som viser at det er behov for ytterligere utsettelse av tidsfristen.

Da det er viktig at alle kommunene får tid til å behandle saken, settes ny frist for tilbakemelding til fylkeskommunen til **7. desember 2007**. Fylkesutdanningssjefen tar sikte på å orientere politisk nivå i fylkeskommunen om saken 18.12.07.

Med hilsen


Tom Martinsen e f
fylkesutdanningsjef


Erik Kathrud
ass fylkesutdanningsjef

Kopi til:
Regionrådet for Hallingdal Torget 1, 3570 ÅL

POST ADRESSERES TIL AVDELINGEN - IKKE TIL ENKELTPERSONER

Postadresse
BUSKERUD FYLKESKOMMUNE
Fylkeshuset
N-3020 Drammen

Besøksadresse
Hauges gate 89
E-postadresse
Postmottak@bfk.no

Telefon
32 80 85 00
Internett
www.bfk.no

Telefaks
32808636

Bankkonto
2200.07.13523
Foretaksregisteret
NO 964 951 373



Buskerud fylkeskommune
v/Erik Kathrud
Fylkeshuset
3020 Drammen

REGIONRÅDET
FOR HALLINGDAL
Telefon 32 08 51 40
Telefax 32 08 16 44
E-post: regionraadet@hallingnett.no
Org. nr: 975 576 469
Kontor: Ål kulturhus
Torget 1
3570 Ål

Dykkar referanse: 07/00714-4500

Vår referanse: kag/07 /152/878

Ål, 05.12.2007

KARRIERESENTER I HALLINGDAL - STATUS

Me syner til brev til kommunane i Hallingdal, dat. 8.11.2007, vedr. karrieresenter i Hallingdal.

Hemsedal formannskap handsama sak om karrieresenter i dag og det vart gjort slikt vedtak:
"Hemsedal kommune er positive til etablering av karrieresenter for Hallingdal, men syner til tilrådinga frå Regionrådet for Hallingdal i sak 34/07.

Fleire av punkta frå Regionrådet sitt vedtaket er ikkje arbeidd vidare med (punkt 6 , 7 og 11), og vilkåret om at avtale med NAV (punkt 4 og 5) om deltaking skal vera på plass før etablering ,er ikkje oppfylt.

Det er derfor ikkje grunnlag for å starte opp karrieresenteret før avtale med NAV er på plass."

Ut frå dette vedtaket har alle kommunane i Hallingdal sagt ja til at det blir etablert eit karrieresenter for Hallingdal, med ein prosjektperiode på 3 år. Regionrådet for Hallingdal ser no fram til ei snarleg etablering.

I forhold til finansiering er det lagt slike føringar:

Kommunane i Hallingdal vil vera med på slik finansiering:

- Dekning av utgifter 2008 (utgangspunkt oppstart 1.1.2008) med 50% av kostnadane, med ei øvre ramme på kr. 790.000.
- Dekning av utgifter 2009 med inntil 1/3 av kostnadane, med ei øvre ramme på kr. 500.000.
- Dekning av utgifter 2010 med inntil 1/3 av kostnadane, med ei øvre ramme på kr. 400.000.

Kommunane si økonomiske deltaking er sagt at skal kunne vurderast ut frå sentrale føringar som blir gjevne.

Som tidlegare meddelt blir det lagt til grunn at NAV engasjerar seg i karrieresenteret seinast frå 1.1.2009, som ein likeverdig part på linje med Buskerud fylkeskommune og kommunane i Hallingdal, også i forhold finansiering av karrieresenteret.

Vidare at det er utarbeida avtale med NAV før etablering av karrieresenteret.

SAK 45/08, VEDLEGG 4

Etter det Regionrådet for Hallingdal har skjønnt er det eit klart ynskje frå Regjeringa om styrking av karriererettleinga, og reknar derfor med at stat og fylkeskommune minst er likeverdige partar i karrieresenteret for Hallingdal.

Beste helsing
Regionrådet for Hallingdal

Knut Arne Gurigard

Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar

Kopi: Kommunane i Hallingdal



Buskerud fylkeskommune
v/Erik Kathrud
Fylkeshuset
3020 Drammen

REGIONRÅDET
FOR HALLINGDAL
Telefon 32 08 51 40
Telefax 32 08 16 44
E-post: regionraadet@hallingnett.no
Org. nr: 975 576 469
Kontor: Ål kulturhus
Torget 1
3570 Ål

Dykkar referanse:

Vår referanse: kag/08 /026/878

Ål, 06.02.2008

KARRIERESENTER I HALLINGDAL

Me syner til sak 006/08, hovudutvalet for utdanningssektoren.

Det er eit par feil i saka som me ser det nødvendig å kommentere og som me reknar med at blir lagt fram for hovudutvalet.

Det blir sagt: ”Regionrådet ga i brev av 05.12.07 beskjed om at kommunene i Hallingdal ikke ville delta i oppstart av karrieresenter i Hallingdal før avtale med NAV er på plass.”

Dette har Regionrådet for Hallingdal vore heilt klar på heile tida, syner til vedtak 22.juni 2007, vedlagt. Her står det:

4. Regionrådet legg til grunn at NAV engasjerar seg i kompetansesenteret f.o.m. 1.1.2009, som ein likeverdig part på linje med Buskerud fylkeskommune og kommunane i Hallingdal, også i forhold finansiering av karrieresenteret.
5. Regionrådet legg til grunn at det er utarbeida avtale med NAV før etablering av karrieresenteret.

Det står også: *Etter et møte mellom regionrådets leder og leder for NAV Buskerud der fylkeskommunen ikke fikk anledning til å delta, ble det bestemt at karrieresenteret skulle samlokaliseres med NAV.*

Verken dagleg leiar i Regionrådet eller rådsordførar har hatt møte med NAV Buskerud, der det vart bestemt at karrieresenteret skulle leggest til NAV. Sjølv sagt Kunne ikkje Regionrådet for Hallingdal bestemme noko slikt. Me syner her til vedtak i Regionrådet, pkt. 11:

”Regionrådet rår til at karrieresenteret bli lokalisert i Hallingdal Næringshage for 2008, men at prosjektstyre vurderar lokalisering frå 1.1.2009, etter at NAV er kome inn som fullverdig part.”

Regionrådet for Hallingdal har med andre ord ikkje bestemt noko om lokalisering, men har hatt synspunkt. Det som Regionrådet har vore tydeleg på heile tida er NAV si deltaking og som me framleis håpar at kjem på plass.

SAK 45-08, VEDLEGG 5

Ut frå dei signal som er gjeve er det eit ynskje frå Regjeringa om styrking av karriererettleiinga, og reknar derfor med at stat og fylkeskommune minst er likeverdige partar i karrieresenteret for Hallingdal.

Beste helsing
Regionrådet for Hallingdal

Knut Arne Gurigard

Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar

Kopi: Kommunane i Hallingdal